

Personvernfråsegn for elektroniske skjermdialogar frå Sem & Stenersen Prokom AS

Definisjonar (ref. Personopplysningslova § 2)

Personopplysning: opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein einkild person den som bestemmer formålet med behandlinga av

Behandlingsansvarleg: personalopplysningane og kva for hjelpemiddel som kan brukast (mottakande instans)

Databehandlar: den som behandlar personalopplysningar på vegne av den behandlingansvarlege

Denne fråsegna gjer greie for korleis personvernet vert teke hand om av Sem & Stenersen Prokom AS som databehandlar av personopplysningar. Ved bruk av våre elektroniske løysingar ønskjer vi at brukaren skal føle seg trygg på at gjeldande lover og reglar samt etiske retningslinjer for bransjen blir følgde. Sikker handsaming av dataene vil til ei kvar tid bli dokumentert etter gjeldande føresegner. Sem & Stenersen Prokom AS er kun databehandlar av personopplysningane, medan det er mottakande instans som er eigar av dataene og behandlingansvarleg. Eigeforholdet er regulert gjennom ei eiga databehandleravtale.

Formålet med behandlinga av personopplysningar

Opplysningar som du fyller inn blir oversende til behandlingansvarleg. Opplysningane set den behandlingansvarlege i stand til å saksbehandle førespurnaden din. Dei innsamla opplysningane om deg blir behandla på same måte som om du hadde sendt inn eit papirskjema.

Lov om handsaming av personvern

Denne fråsegna om personvern følgjer føresegnene i Lov om handsaming av personopplysningar (personopplysningsloven) av 01.01.2001 med tilhøyrande forskrift.

Personopplysningar

Ved samtykke til personvernerklæringa godkjenn du våre retningslinjer for personvernet og måten opplysningane vert behandla. Du må samtykke til personvernerklæringa kvar gong du skal sende ein søknad.

Lagring av opplysingar

Du kan når som helst velje å mellomlagre utfylling av skjermdialogen og eventuelt hente den opp att for vidare utfylling seinare. Opplysningane du har tasta inn, vil liggje lagra i databehandlar sin database (mellomlagra data vert automatisk sletta etter 3 månader), og vil ikkje vere tilgjengelege for mottakar i mellomtida. Først når du godtek det, vil opplysningane bli sende inn til mottakar. Når du har valt innsending til kommunen, har du samstundes gitt samtykke til at dei kan ta imot opplysningane. Så snart søknaden er oversend behandlingansvarleg, vert innhaldet sletta frå databehandlaren sin database (seinast innan tre døgn). Eit oversyn over tidlegare innsende saker finn du i mappa "Innsende saker".

Nøkkelopplysningar frå desse søknadane vil bli brukte når du startar ein ny søknadsprosess.

Dersom du vel å ikkje logge deg på, vil innsende søknadsdata bli sletta frå datbehandleren sin server så snart søknaden er oversend behandlingsansvarleg (seinast innan tre døgn). Databehandleren vil berre ta vare på metadata om søknaden (type søknad, tidspunkt for innsending og opplysningar om mottakaren).

Kryptering/sikkerlinje

Alle opplysningar som blir overførte mellom datamaskinen din og servaren vår, er krypterte (HTTPS). Det same gjeld opplysningar som blir sende kommunen.

Retten til innsyn og retten til sletting av personopplysningar

Du kan når som helst be om å få sjå opplysningane vi har registrert om deg. Dette gjer du ved å rette ein førespurnad til kommune24-7@prokom.no. Dersom du finn opplysningane unøyaktige eller ufullstendige, kan du krevje å få opplysningane sletta. Dersom du har oppretta ein brukarprofil i løysinga, kan du sjølv slette den.

Unnlåte samtykke/bruk av skjermdialogane

Dersom du ikkje samtykkjer i at personvernet er godt nok teke vare på, vil du ikkje kunne nytte Kommune24:7.

Kontaktar

Dersom du har spørsmål vedrørande fråsegna om personvern, kan du sende ein e-post til: Sem & Stenersen Prokom AS, Postboks 6900, St Olavs plass